



Skulereglar Vassenden skule Konsekvensplan

KONSEKVENSPLAN. DEFINISJON OG PROSEDYRE

- Konsekvensplan bygger på Føremålsparagrafen i Opplæringslova og den nye overordna delen i LK20
- Planen er konkretisering av §10-7 i Opplæringslova og gjeldande forskrift om skulereglar i Sunnfjord kommune
- Konsekvensplanen er knytt opp til skulen sine tre reglar: Ansvar, Omsorg, Respekt
- Reglane er konkretisert og forklart i skulen si regelmatrise, klassereglar og reglar for mobil- og nettvett
- Konsekvensplanen skal nyttast ved bruk av skjønn av dei tilsette der ein skal ta barnets bestevurdering jf. § 10-1 i Oppl.l.
- Det er naturleg med unnatak i enkelttilhøve. Det skal takast omsyn til elevens alder og rett til tilpassa opplæring
- Hendingar som fører til ein konsekvens vert fortløpande registrert i Visma Flyt Skule (VFS) slik at heim vert orientert
- Konsekvensar som vert sett inn etter denne planen vert gjeldande i skulen si vurdering av eleven si åtferd og orden i 1.-10. klasse

Konsekvensane i skulereglane er utarbeidd med bakgrunn i dette lovverket, som kan nyttast i skulen si handtering og bruk av konsekvensar:

- Gjeldande forskrift om skulereglar i Sunnfjord kommune
- Opplæringslova (ny utgåve i 2024). Med særleg vekt på kapittel 10, 12, 13, 24 og 27
- Trafikkreglane (Føreskrift om køyrande og gåande)
- Forvaltningslova § 13 b. ledd 6 (avgrensingar av teieplikta ut frå private eller offentlege interesser)
- Barnevernslova § 13-2 (Plikt til å melde frå til barnevernstenesta)
- Skadeerstatningslova § 1-2 (foreldres ansvar m.v.)
- Straffelova § 17, 18 og 19 (nødrett, naudverje og sjølvtekt)
- Arbeidsmiljølova med særleg vekt på § 3-2 (særskilte forholdsreglar for å ta i vare sikkerheita) og § 4- 1 (generelle krav til arbeidsmiljøet)



Skulereglar Vassenden skule Konsekvensplan

NIVÅ 1	DEFINISJON	PROSEDYRE
	- Mindre regelbrot i høve ansvar, respekt, omsorg - Hovudsakleg mindre enkelthendingar der det vert sett inn konsekvens/tiltak - På dette nivået bør klasse teamet drøfte kva konsekvensar som høver best for bruk i klassen, og på enkeltelevar, slik at det vert tilpassa elevane sin alder, modning og utvikling	- Vaksen ber elev stogge handling/åtferd - Om elev <i>ikkje</i> rettar opp åtferda si etter å ha fått beskjed, vert tiltak sett i verk jf. prosedyre for effektiv og god beskjed (flytskjema i PALS) - Tiltak/konsekvens skal setjast i verk rett etter regelbrotet - Tiltak/konsekvens vert hovudsakleg handtert av den vaksne som er i situasjonen - Hending skal som oftast registrerast i VFS slik at heimen ver torientert, og kontaktlærar skal informerast

KONSEKVENSPAN NIVÅ 1

TYPE ÅTFERD	KONKRETISERING	SPESIFIKKE KONSEKVEN SAR – NIVÅ 1
Snop, brus/energidrikk og tyggis utan avtale	Ha med snop, brus og anna drikke med stort sukkerinnhald, energidrikk og tyggis ein vanleg skuledag. Eller ha tyggis i munnen på skulen. Halsdrops er ok ved vondt i halsen. <i>Mrk.: Elevar i 5.-10. kl. kan ha tyggis på skulen</i>	Elev må spytte ut tyggis/snop. Levere frå seg brus/energidrikk. Konfiskere og kaste det eleven har hatt med seg.
Private eigedelar med seg på skulen	Elevane har med private eigedelar på eige ansvar. Døme på private eigedelar er pengar, klede, aktivitetsutstyr, leikar, sykkel, skulesekkar, sko, mobiltelefon, digitalt utstyr o.a.	Ved misbruk: Beskjed om å stogge bruk av eigendelen. Om ikkje eleven stoggar: Inndra utstyr. Må hentast av elev (ev. foreldre) hjå skuleleiinga same dag.



Skulereglar Vassenden skule Konsekvensplan

TYPE ÅTFERD	KONKRETISERING	SPESIFIKKE KONSEKVENSAAR – NIVÅ 1
Ikkje følgje beskjed som blir gitt, krangling og trass	Rettar seg ikkje etter beskjed som er gitt av vaksen, nektar t.d. å utføre ei oppgåve, gjere eit arbeid. Krangling og argumentasjon varer kort tid og med låg intensitet.	Relæring av regel Ignorering
Forstyrre undervisninga	Snakkar i timen, vandrar i klasserom, rettar ikkje opp handa for å svare, brukar ikkje utstyr på rett måte, misbrukar andre si tid, gløymer å levere inn mobiltelefon og anna kommuniserande utstyr, samt feil bruk av digitalt utstyr og programvare i timen.	Tap av gode Samtale med lærar (individuell) Problemløysing
Bruke ufint språk	Bannar, kjem med ufine kommentarar, nedlatande blikk og kroppsspråk for å provosere og irritere andre. Gjeld også i digital kommunikasjon. Merk: Eleven er ikkje særleg høglydt eller utagerande.	Inndra utstyr/materiell resten av timen/friminuttet/dagen Ta att det som ikkje er gjort i timen i friminutt (gjeld åtferd som uroar undervisning)
Gløyme	Bøker og utstyr til timane/skuledagen. Eller manglar/ikkje gjort ev. avtalt heimearbeid/lekse, ikkje levert arbeid til rett tid for vurdering.	Rydde og vaske etter seg (gjeld åtferd der materiell eller område har blitt tilrota/tilskitna)
Kaste boss og ting på golvet/bakken, grise til (Merk: Ikkje hærverk)	Slengjer boss frå seg på golvet/bakken, slengjer frå seg ting og klede på bakken/ i gangar/ klasserom slik at det ligg i vegen for andre, slengjer frå seg utstyr som er brukt i timane.	Lærar kan sende elevar ut av klasserommet for delar av ein undervisningstime. Ein vaksen skal ha ansvar for eleven.
Bruk av skjerm (PC/iPad/telefon el.l.) utan at dette er avtalt med lærar	Eleven brukar skjerm når skulen har ansvaret for eleven i time/pause utan å ha avtale med lærar om det. Gjeld òg på arrangement i skulen sin regi kveld/overnatting, og på ev. turar skulen er på.	Informere heim med melding i VFS.
Leike og herje i klasserom, gangar og fellesområde	Spring og herjar i gangar og klasserom, brukar aktivitetsutstyr innandørs.	



Skulereglar Vassenden skule Konsekvensplan

TYPE ÅTFERD	KONKRETISERING	SPESIFIKKE KONSEKVENSA – NIVÅ 1
Ikkje rydde etter seg	Ryddar ikkje pulten, ryddar ikkje opp materiell og utstyr etter undervisning/aktivitet/leik, gjer ikkje ordensmannsoppgåva si skikkeleg.	Relæring av regel Ignorering
Ventesituasjonar	Snik eller forstyrrar i kø, t.d. i klasserom, ved skulebuss, i undervisning, i aktivitetar i pausar.	Tap av gode
Kome for seint til skulen og timen	Eleven kjem inn 2-5 minuttar etter at undervisninga har begynt.	Samtale med lærar (individuell) Problemløysing
Ikkje følgje reglar i pausar / friminutt (inkludert bruk av skulen sitt aktivitetsutstyr i uteområdet)	Kastar snøball, følgjer ikkje reglar i leik/spel ute, forstyrrar andre sin leik og aktivitet, brukar ikkje utstyr jf. reglar. Misbruk av stopp-regel. Brukar tau, skjerf og sykkelhjelm når ein oppheld seg i klatrestativa, disser og aktivitetsinstallasjonar.	Inndra utstyr/materiell resten av timen/friminuttet Ta att det som ikkje er gjort i timen i friminutt (gjeld åtfærd som uroar undervisning)
Manglande bruk av hjelm	Eleven brukar ikkje hjelm jf. reglane i regelmatrisa (sykkel, skøyter og anna aktivitetsutstyr) i skuletid og på skuleveg.	Rydder og vaske etter seg (gjeld åtfærd der materiell eller område har blitt tilrota/tilskitna)
Fysisk egling	Dultar, skubbar, knip, tek ting frå andre, lurer og provoserer for å få merksemd, uakseptabel måte å ta kontakt med andre på. Mrk.: Andre opplever det som irriterande, men ikkje alvorleg.	Lærar kan sende elevar ut av klasserommet for delar av ein undervisningstime. Ein vaksen skal ha ansvar for eleven.
Vere inne i friminutt utan løyve	Oppheld seg i gangar, klasserom, toalett, ev. andre stader innandørs utan løyve (avtale).	Informere heim med melding i VFS.
Ta ting frå andre	Forsyner seg med ting andre eig/held på med. T.d.: Tek ting frå pennal, tek ting ut av hendene på andre utan løyve, «tek seg til rette»	



Skulereglar Vassenden skule Konsekvensplan

KONSEKVENSPLAN. DEFINISJON OG PROSEDYRE

NIVÅ 2	DEFINISJON	PROSEDYRE
	- Større regelbrot i høve Ansvar, Respekt, Omsorg - Negativ åtferd som har større intensitet og meir alvorleg føremål enn på nivå 1 - Åtferd som gjer vanlege aktivitetar og undervisning i skule og på SFO vanskeleg - Gjentakning av regelbrot på nivå 1 i løpet av 1-2 veker	- Tiltak/konsekvens skal setjast i verk snarast råd etter regelbrotet (inntil 1-2 dagar) - Hending <u>skal</u> registrerast i VFS, og kontaktlærar skal informerast - Tiltak/konsekvens vert hovudsakleg handtert av den vaksne som er i situasjonen, men det kan vere behov for å kople på andre (teamet, kontaktlærar, sosiallærar, leiing) - Vurder om heimen skal kontaktast same dag av faglærar/kontaktlærar/sosiallærar pr. tlf. i tillegg - Vurder om det er behov for å ha møte med elev, føresette og lærarar (ev. leiing)

KONSEKVENSPLAN NIVÅ 2

TYPE ÅTFERD	KONKRETISERING	SPESIFIKKE KONSEKVENSAR NIVÅ 2
Røyke/snuse og bruk av tobakk	Brukar og oppbevarer snus og røyk i skuletida (også om det skjer utanfor skulen sitt område når skulen har ansvaret for eleven).	Røyk/snus vert konfiskert og levert til skuleleiinga, der føresette må hente det etter skuletid.
Dekke til ansiktet sitt heilt eller delvis	Dekke til heile eller delar av ansiktet med t.d. bruk av plagg. T.d. hette/hue, religiøse plagg el.l. Konsekvens skal avhenge av alderen på eleven og om tildekkinga har vore gjentakande problemstilling.	Meklingssamtale med lærar/ sosiallærar/ assisterande rektor, ev. med skadelidande part (føresette kan bli kalla inn til samtalen). Ved gjentakande hendingar kan skuleleiinga vurdere meklingsprosess ved bruk av konfliktåret.



Skulereglar Vassenden skule Konsekvensplan

TYPE ÅTFERD	KONKRETISERING	SPESIFIKKE KONSEKVENSAAR – NIVÅ 2
Skulke delar av dag	Er vekke frå time eller delar av time utan avtale med heim eller lærar.	Elev melder sjølv frå til heimen med hjelp frå ein vaksen (ringe heim) *
Ikkje følgje beskjed som blir gitt, krangling og trass	Rettar seg ikkje etter beskjed som er gitt av vaksen. Krangling og argumentasjon med høg intensitet.	Timeout/samtale med skuleleiinga *
Erte og plage	Plagar verbalt og fysisk, provoserer og irriterer andre der elev/tilsett opplever det som konfliktsituasjon.	Meklingssamtale med lærar/ sosiallærar/ assisterande rektor, ev. med skadelidande part (føresette kan bli kalla inn til samtalen) *
Vise krenkjande åtfærd og stygg ordbruk. Gjeld også i digital kommunikasjon.	Kallar, stygg og krenkjande ordbruk, sender stygge slengmerknader, kjem med seksuelt ladde kommentarar, eglar og krenkar andre fysisk. Handlingar og ord mot andre som vert opplevd som alvorlege for dei det gjeld.	Sitje att på skulen etter skuletid (gjensitting der ein kan måtte ta att arbeid) Lærar kan sende elevar ut av klasserommet i inntil 2 klokkeimar. Ein vaksen har ansvar for eleven*
Bryte avtalar med lærar (ev. avtalar som heim og lærar har laga)	Avtale mellom lærar og elev om t.d. innlevering og arbeidsinnsats.	Rydde og vaske etter seg ved hærverk (der materiell eller område har blitt tilrota/tilskitna og øydelagt)
Gå ut av skulen sitt område	Gjerda opp mot bøen, tilkomstområdet, fotballbana og Gjesdalsvegen avgrensar skulen sitt område.	
Manglande bruk av hjelm og ikkje følgje trafikkreglane for gåande/syklane	Gjeld: ved sykling, skøyter, alpinbakke og anna aktivitetsutstyr med hjul. På skuleveg, i undervisning, friminutt, i pausar. Nasjonale reglar for elsparkesykkel: Du må vere 12 år for å bruke elsparkesykkel, påbod om hjelm for alle under 15 år og ikkje lov å ha passasjer	Relæring, og melding til føresette i Visma Flyt Skule. Ved brot på norske trafikkreglane for bruk av elsparkesykkel kan rektor informere politiet.



Skulereglar Vassenden skule Konsekvensplan

TYPE ÅTFERD	KONKRETISERING	SPESIFIKKE KONSEKVENSAAR – NIVÅ 2
Bruke, digitalt utstyr og programvare utan avtale og misbruke - digitalt utstyr - programvare - sosiale media Gjeld og bruk av privat mobiltelefon og anna kommuniserande utstyr i skuletid.	All bruk av digitalt utstyr skal vere innanfor skulen sine 3 reglar om å syne ansvar, respekt og omsorg. Digitalt utstyr og programvare elevane har fått utlevert av skulen nyttast i undervisning etter avtale med lærar, og etter kommunal avtale elev og føresette har signert ved utlevering av utstyret. Privat digitalt utstyr, t.d. mobiltelefon, digitale klokke og anna kommuniserande utstyr, kan nyttast på skuleveg dersom føresette tillet det. Utstyret skal leverast inn ved start av skuledagen og ligge innelåst der skulen har mobilane lagra. Privat digitalt utstyr kan ved særskilde høve nyttast etter avtale med lærar, der lærar skal ta ansvar og ha kontroll på eleven ved bruk.	Beskjed om å stogge bruk av utstyr/programvare. Viss ikkje: Digitalt utstyr eleven låner av skulen: Skriftleg melding til heimen i VFS der lærar kan informere om hendinga og at eleven ikkje får bruke datamaskin/programvare/ materiell/utstyr i undervisninga, resten av time/dag/veke. Digitalt utstyr eleven eig privat: Inndra utstyr, som må hentast av elev på kontoret til skuleleiinga same dag. Om same elev får privat digitalt utstyr inndrege 2 gonger på ei veke skal kontaktlærar ringe heim og informere foreldra. Ved gjentakande brot på reglane med misbruk vil elev og føresette bli kalla inn på samtale med kontaktlærar og skuleleiinga. Her skal ein bli samde om oppfølgingsplan med plan for tiltak.
Kringkaste foto/video/lydopptak og anna informasjon på nett, i Teams, på spel og i ulike sosiale media	Eleven skal følgje mobil- og nettvettreglane. Norsk lov om deling av bilete og film gjeld. Det betyr at alle som er med på film/foto/lydopptak på førehand skal ha gitt sitt samtykke til at det vert tatt bilete/lydopptak/film og gi samtykke på førehand om at det vert lagt ut. For elevar som er under 15 år skal føresette òg ha gitt samtykke.	Eleven som har lagt ut noko må slette det som er lagt ut. Skuleleiinga skal ha samtale med eleven som har kringkasta utan løyve, samt ringe til heimen til denne eleven. Kontaktlærar/teamet skal informere heimane til elevane som er blitt kringkasta utan løyve. Føresette til elevane som har blitt kringkasta utan løyve kan på eige initiativ informere eller melde saka vidare til politiet.



Skulereglar Vassenden skule Konsekvensplan

TYPE ÅTFERD	KONKRETISERING	SPESIFIKKE KONSEKVENSAAR – NIVÅ 2
Bevisst øydelegge digitalt utstyr, skulemateriell, leikar og anna utstyr skulen eller private eigendeler som medelevar eig	Eleven rotar og øydelegg ting i raseri/sinne, eller ved bevisst handling. Ev. at ein kastar ting rundt seg, slengjer frå seg ting, grisar til materiell, bygg og utstyr. T.d. øydelegging av digitalt utstyr, skulebøker o.a. ein har fått utlevert av skulen. Gjeld og øydelegging av medelevar sine private eigendeler som er på skulen.	Betale erstatning på inntil 5000 kr (ved øydelegging, tilgrising, hærverk på skulen sin eigedom, og utstyr skulen eig som eleven har fått utlevert). Føresette til elev som har fått øydelagt utstyr kan krevje erstatning.
Manglande utført arbeid og gjennomføring av oppgåver som skal framførast munnleg	Om elev ikkje kan framføre på oppsett framføringstid, skal det leverast melding frå foreldre same dag. På bakgrunn av informasjon i meldinga vert det avtala ny tid til å gjennomføre framføringa.	Om melding frå foreldre ikkje vert levert, eller framføringa ikkje vert gjennomført til ny avtalt tid, får eleven IV (ikkje vurderingsgrunnlag).
Misbruke skulen sitt utstyr, materiell, programvare og digitalt utstyr (t.d. iPad og datamaskiner)	Misbrukar bøker, verktøy, undervisningsmateriell, leiker, utstyr, digitalt utstyr og programvare. Til vanleg skal digitalt utstyr som høyrer til klasserommet berre nyttast av vaksne.	Eleven får ikkje bruke datamaskin/programvare/ materiell/utstyr, i <i>inntil</i> 1 skuleveke.
Ikkje levere arbeid til rett tid	Om eleven ikkje kan overhalde fristen, må arbeidet anten leverast første yrkedag etter, eller eleven må ta kontakt med faglærar og gjere ny avtale.	Arbeid vert ikkje vurdert av lærar. Elevar på u-steg får IV (ikkje vurderingsgrunnlag).
Jukse og bli tatt i å lyge (inkludert bruk av KI utan å opplyse om det)	Juksar på prøver og innleveringar, lyg om hendingar og i samtalar, overfører skuld til andre elevar, held attende informasjon. Bruk av KI utan å opplyse om det. Gjeld og ved at lærar har mistanke om bruk av KI.	IV eller karakteren 1 ved juks og/eller bruk av KI. Gjeld både ved lærar sin mistanke om bruk når arbeidet vert vurdert, men òg ved å bli ferska i bruk. Ved mistanke om KI kan lærar krevje at heile/delar av arbeidet vert utført på nytt i skuletid for å få vurderingsgrunnlag. Ved å lyge og halde attende informasjon, vert konsekvens som dei stjernemerka punkta under nivå 2.



KONSEKVENSPLAN. DEFINISJON OG PROSEDYRE

	<u>DEFINISJON</u>	<u>PROSEDYRE</u>
NIVÅ 3	- Åtferd som er i strid med norsk lov og set andre sin tryggleik i fare. - Åtferd der vaksne fysisk må gripe inn i situasjonen pga. fare. - Åtferd som gjer vanleg aktivitet og undervisning i skule og på SFO umogeleg. - Elev korrigerer ikkje åtferd, og tek ikkje notis av konsekvens gitt på nivå 2.	- Vaksne skal snarast råd varsle kontaktlærar og skuleleiing (sosiallærar) - Rektor/assisterande rektor tek avgjerd om konsekvens i samråd med lærarane til eleven (<i>Er ein vaksen involvert i situasjon med elev som skadelidande part, skal ho/han ikkje vere med på å ta avgjerd om konsekvens som skal setjast i verk for elev</i>). - Heimen skal kontaktast same dag av skuleleiinga eller sosiallærar - Leiinga orienterer heimane både munnleg og skriftleg om hendinga - Kommunalsjef skal bli informert av skuleleiinga

KONSEKVENSPLAN NIVÅ 3

Alle hendingar under nivå 3 vil skulen kunne setje inn desse konsekvensane:

- Rektor/assisterande rektor kan i samråd med kontaktlærar og sosiallærar setje elevar i 8.-10. klasse ned i åtferdskarakter grunna enkelthending med regelbrot på nivå 3
- Elevar kan bli utvist av skulen jf. § 12-h og i skulereglane i kommunen; Elevar på 1.til 7. steg kan visast bort for enkelttimar eller resten av dagen, og elevar på 8.til 10. steg kan visast bort for opp til tre dagar. Det vert fatta enkeltvedtak etter § 13-1 i Oppl.l.
- Leiinga kan vurdere behov for mellombels eller permanent byte av klasse/gruppe jf. § 12-j i skulereglane i kommunen.
- Leiinga kan i samråd med kommunalsjef vurdere behov for mellombels eller permanent byte av skule jf. § 12-k i skulereglane i kommunen.
- Skuleleiinga kan informere politiet om alle saker som kan vere i strid med norsk lov. Gjeld og saker som skjer på fritid som kan ha innverknad på skulemiljøet. Politiet kan på sjølvstendig grunnlag vurdere eventuell vidare saksgang.
- Skuleleiinga vurderer om det er grunnlag for at saka skal meklast i konfliktrådet, eller om politiet og/eller barnevernet skal informerast
- Kommunedirektør kan ta avgjerd på om straffbare tilhøve vert meld til politiet



Skulereglar Vassenden skule Konsekvensplan

Punkta nedanfor er konkretisert ut frå handlinga som eleven har utført, og kjem som konsekvensar skulen kan setje inn i tillegg til konsekvensane ovanfor.

A	Valdshandlingar og andre handlingar som kan medføre fare og skade for andre - Bruk av kommunen si rutine for handsaming av skulemiljøsaker (aktivitetsplikt) - Skulen oppmodar offeret (elev, tilsette eller foreldre/føresette) om å politimelde saka
B	Mobbing, alvorleg erting og krenking over tid ovanfor medelev/tilsett, samt truslar, trakassering og særleg stygg og krenkjande åtfærd over tid ovanfor medelev/tilsett - Bruk av kommunen si rutine for handsaming av skulemiljøsaker (aktivitetsplikt) - Møte mellom lærar, lærar/elev, foreldre/føresette og skuleleiing - Skulen oppmodar offeret (elev, tilsette eller foreldre/føresette) om å politimelde saka
C	Tjuveri/steling – skulen sin eigedom samt elevar og tilsette sine private eigedelar - Skulen sin eigedom: Erstatning inntil kr 5.000 kr (rekning vert sendt til foreldre/føresette) - Private eigedelar: Skulen oppmodar offeret (elev, tilsette eller foreldre/føresette) om å politimelde tjuveriet - Føresette til medelev som har fått stelt eigendomen sin kan krevje erstatning (privat anliggande)
D	Bruk og oppbevaring av rusmiddel (alkohol, narkotiske stoff, anabole steroida) - Foreldre må hente eleven på skulen
E	Hærverk /øydelegging av skulen sin eigedom (inventar, bygg, materiell, uteområde og div. utstyr) - Erstatning inntil kr 5.000 kr (rekning vert sendt til foreldre/føresette) - Eleven må sjølv vere med å reparere det som er øydelagt og rydde opp i hærverket - Leiinga kan orientere politiet, og kommunedirektøren kan politimelde saka
F	Oppbevaring og/eller bruk av våpen og farlege gjenstandar (t.d. kniv, batong, skytevåpen og liknande) - Oppbevaring av våpen: Inn dra våpenet og lever til leiinga. Våpen/gjenstand kan bli levert direkte til politiet. - Bruk av våpen: Den vaksne må først ta omsyn til eigen og andre sin tryggleik i situasjonen. Evakuer og tilkall politiet. Tilsette skal ikkje inn dra våpen dersom ein set andre eller seg sjølv i fare.



Skulereglar Vassenden skule Konsekvensplan

G	Bruk av mobiltelefon, digitalt utstyr og ev. programvare som opplevast som særleg krenkande og straffbart T.d. filme, ta bilete og lydopptak av andre utan løyve, legge ting på nett og sosiale media utan løyve og ikkje take i vare personvernreglar. - Mobiltelefon/digitalt utstyr kan bli inndrege og levert av skuleleiinga til politiet - Heimane til elevar som er blitt krenka, og ev. tilsette, vert informert av skuleleiinga. - Føresette til elevane som har blitt kringkasta utan løyve kan på eige initiativ informere, eller melde saka vidare til politiet.
H	Straffbare handlingar og anna åtferd som vert opplevt særleg krenkjande - Foreldre må hente eleven på skulen
I	Melde inn trugslar mot skulen eller tilsette/elevar og andre knytt til skulen. T.d. drapstrugslar, bombe- eller skytetrugslar og liknande. - Den på skulen som mottek trugselen vurderer situasjonen og kan kontakte politiet direkte, eller informere leiinga som kan kontakte politiet
K	Bruk, og ev. deling av film/foto og ev. anna materiell som har innhald som er forbode ved norsk lov T.d. materiale med særleg grov bruk av vald, pornografisk innhald, kriminelle handlingar el.l. - Om hending skjer i skuletid kan leiinga kalle inn foreldra og eleven på møte og vise det eleven har brukt/delt til foreldra - Leiinga kan orientere politiet og/eller barnevern
L	Alvorlege, eller gjentakande brot på trafikkreglane for køyrande og gåande, inkludert bruk av el-sparkesykkel - Leiinga orienterer føresette og politiet

Konsekvensplanen er del av skulen sitt skulereglement, jf. § 10-7 i Opplæringslova. Regelverket erstattar tidlegare regelmatriser ved Vassenden skule, og vert sett i kraft 1.8.2026. Medlem i Skulemiljøutvalet kan fremje forslag til endring og evaluering av skulereglane.